

# SMIL OG NMSK-STRATEGI.

## STRATEGI FOR BRUK AV TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL).

### **Bakgrunn/føremål.**

Strategien er utforma på bakgrunn av *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur – og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Det heiter i retningslinene at : ” *Tiltak i jordbrukets kulturlandskap skal fremme kunnskapsverdier, opplevelsesverdier og bruksverdier gjennom vedlikehold, skjøtsel og istandsetting. Natur – og kulturminneverdier omfatter biologisk mangfold og økosystemer, kulturminner og kulturmiljøer, gammel kulturmark, videreføring av kulturarv (kunnskaper, tradisjoner og teknikker), mulighet for opplevelser, friluftsliv og et variert landskapsbilde*”.

### **Kven kan søkje.**

Tilskot kan gjevast til føretak eller eigarar som driv/ eller eig ein landbrukseigedom, eller til einkvar som er registrert i Einingsregisteret og som har løyve frå eigar av landbrukseigedom til gjennomføring av prosjekt eller tiltak. Sogndal Kommune ynskjer å prioritera fellestiltak.

### **Kva kan det søkjast til.**

Landbruket sitt kulturlandskap er svært viktig både for utøving av friluftsliv og for landskapsbiletet. Den største utfordringa vi ser er at kulturlandskapet gror att. SMIL – midlane er det viktigaste kommunale verkemiddelet for å hindre attgroing og fyrste prioritet til bruk av midlane vil difor vera restaurering og bevaring av kulturlandskap som er svært viktige for landbruket og for ålmenta. I tillegg vil kommunen prioritera tiltak mot attgroing i områder som er viktige for å ivareta av det artsmangfaldet.

### **Prioritering.**

Ein vil og prioritera tiltak for tilrettelegging for tilkomst til areal med fri ferdsel, m.a. parkeringsplassar og stiar knytt til sjø og vatn, tilrettelegging av stiar og vegar for ålmenta, t.d. stølsvegar og gamle bygdevegar. Til dømes kan gjerd mot utmark medverke til å oppretthalde beitebruken. Det er og eit ynskje å ta vare på bygningar og bygningsmiljø og å restaurere og leggje til rette for opplevingar knytt til kulturminne.

På denne bakgrunn ønskjer kommunen å prioritere følgjande:

- Skjøtsel av kulturlandskap med tiltak knytt til opning og stell av landskap. Dette særleg i områder av kommunen som er viktige for ålmenta og områder som er kartlagt som viktige naturtypar i biologisk mangfold. Tilskot inntil 70 % av godkjent kalkyle.
- Rydding av skog/kratt som hindrar utsyn frå vegar. Tilskot inntil 70 % av godkjent kalkyle.
- Tilrettelegging av tilkomst til areal med fri ferdsel ,m.a. parkeringsplassar og stiar knytt til friluftsområder. Tilskot inntil 70 % av godkjent kalkyle.
- Restaurering av bygningar og andre kulturminner av spesiell verdi. Inntil 50 % av godkjent kalkyle.

**Tiltak som vil gje mindre enn kr. 3000,- i tilskot skal ikkje utløyse løyving.**

## **STRATEGI FOR TILSKOT TIL NÆRINGS – OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET (NMSK).**

### **Bakgrunn og føremål.**

Strategien er utforma på grunnlag av *Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Hovudmålet i skogbruksplanen for Sogndal kommune (vedteken i Kultur og Næringsutvalet 20.06.01 sak 0018/01) er å stimulera til rasjonelle tiltak og auka aktiviteten innan skogbruksnæringa, sikra ressursgrunnlaget og betra forvaltning av skogareala, i samsvar med statlege og kommunale føresegner og planar.

Føremålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak er at det ut frå lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket samstundes som miljøverdier knytta til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen vert tekne vare på og vidareutvikla. For å stimulera til utvikling av kvalitetsskog kan det gjevast tilskot til ungsogspleie og andre kvalitetsfremjande tiltak. Dette omfattar og tilskot til skjøtsel av skog i kantsoner og i samanheng med kulturminner.

### **Kven kan søkje.**

Tilskot kan løyvast til skogeigarar med meir enn 10 da produktiv skog. Grensa på 10 da kan fråvikast når det er samarbeidstiltak.

### **Kva kan det søkjast til.**

Det kan gjevast tilskot til bygging av nye eller ombygging av eksisterande skogsvegar når dette bidreg til heilskapsløysingar som gjev grunnlag for utnytting av skog – og utmarksressursane. Det er ynskjeleg å halda aktiviteten i skogen minst på dagens nivå.

Kommunen ynskjer og å leggja til rette for friluftsliv og naturopplevingar i utmark. Tilgjenge til utmark vert viktig for å kunne stella skogen og få til eit variert skogbilde. Det inneber at vegplanlegging og vegbygging er viktige tiltak. Fylkesmannen forvaltar tilskot til vegbygging.

Tilskot til skogkultur. Det bør plantast eller foryngast 600 dekar per år. Det kan gjevast tilskot til planting og markarbeid. På dei fleste hogstflatene er det trong for ymse etterarbeid. Det kan gjevast tilskot til etterarbeid og ungsogpleie som rydding og avstandsregulering. Det er trong for å setje av midlar til drift i vanskeleg terreng.

### **Prioritering.**

- Leggje til rette for uttak av hogstmode tømmer og anna trevirke til bioenergi.
- Stimulere til forynging av skogen ved tilplanting av hogstfelt.
- Stimulere til uttak av skog i vanskeleg terreng.
- Gje støtte til etterarbeid/rydding etter skogsdrift

**Tiltak som vil gje mindre enn kr. 3000,- i tilskot skal ikkje utløyse løyving.**